

HARDANGER OG  
VOSS MUSEUM

# Årsmelding 2024



Foto: Silje Ensby


## Nøkkeltal 2024

	2024	2023	2022	2021	2020
Besøk	57 496	58 064	57 691	36 745	30 382
Gjenstandar	52 857	52 610	52 352	52 281	52 180
Foto	94 785	94 785	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	135	135	135	133	133
Verna Fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	25	9	13	5	6
Utstillingar	26	34	35	25	26
Arrangement, konsert mm.	258	100**	306	257	71
Driftsinntekter *	81 551	76 871	68 122	62 608	61 543
Årsresultat *	2 999	580	-867	389	3 550
Eigenkapital *	20 561	17 562	15 082	15 949	15 560
Totalkapital *	58 414	92 475	57 049	52 952	47 319
Fast tilsette	74	75	65	64	64
Årsverk	68	68	65	64	57,8
A-melding (I&t- oppåve)	219	199	201	187	160
Sjukefråvær	2,9%	3,7%	4,6%	5,9%	5,0%

\*tal i tusen kroner

\*\* ikkje inkludert folkemusikkonsertar i juli.

## Organisasjon 2024



## Forord frå direktøren

Som eit museum og nasjonalt fartøyvernssenter som mottek offentleg støtte pliktar me å følgja nasjonale og regionale målsetnader på felte våre. Eg vonar denne årsmeldinga svarar på korleis Hardanger og Voss museum sine avdelingar har løyst dei nasjonale, regionale og lokale samfunnsoppdraga i 2024.

Det første me må spørja oss om er om HVM driv med solid kunnskapsproduksjon. Kunnskapsproduksjonen er jo grunnlaget for det me gjer av formidling, rådgjeving, forvaltning, restaurering og mykje anna. Utvikling av kunnskap har me halde på med heile vegen. Den meir formelle sida ved forskning og kunnskapsutvikling har vore eit strategisk satsingsområde i fleire år, og no kan me sjå fleire synlege resultat. Den formelle kompetansen har auka, det er publisert forskingsartiklar og det er forskning på gang. Me leverer gode søknader om fagutviklingsprosjekt til Riksantikvaren og får støtte til fleire av dei. 2024 var det siste året i samarbeidsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland», der det har vore fleire skrivesamlingar og workshopar med god deltaking frå HVM-tilsette. Internt i HVM har det vore tre fagdagar. Fleire forskingsartiklar er under arbeid.

Korleis står det så til med formidlinga som skjer i regi av HVM. Er ho relevant? Formidling er jo så mykje, formidlinga er mangfaldig og variert alt etter kva målgrupper me har. For å avgrensa det til dei yngste, så er det ei stor glede å sjå born frå førskule-alder og barneskule ta del i ulike aktivitetar. Ro ein tur på fjorden for å fange plankton, for så å studere plankton i mikroskop og arbeida vidare med funna gjennom eigne teikningar. «Planktonsafari» var eit samarbeid mellom Kunsthuset Kabuso og Hardanger fartøyvernssenter. I tillegg har det vore eigne undervisningsopplegg knytt til utstillingane ved fleire av avdelingane, som til saman fleire tusen born har delteke på.

Når det gjeld samlingsforvaltning, heilskapleg samlingsutvikling og trygg ivaretaking, skjer det små skritt i riktig retning kvart år. Me har stor glede av kompetansen som Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland deler med oss. Dette gjeld både den praktiske hjelpa og rettleiinga vi får i eige magasin, men òg at me kan senda utvalde gjenstandar til fellesmagasinet i Salhus.

På eigne historiske bygningar er det utført fleire store og små utbetringar. Nokre prosjekt går over fleire år, slik som husmannsstova Nesjastova som står på Utne. Taket på Vavollstova ved Kvam bygdemuseum er utbetra.

Eit høgdepunkt i 2024 var då fotografen Kjell Herheim ved Voss folkemuseum kunne trykke på «publiser-knappen» og gjera ei fotosamling med over 11 000 foto tilgjengeleg på internett.

Heilskapleg forvaltning av immateriell kulturarv er ei oppgåve som fordrar litt andre tiltak enn den materielle. Desse heng saman, men den immaterielle dimensjonen krev meir av det som i museumsforvaltninga vert kalla samhandling. Dokumentasjon av handverksteknikkar, utøving, læring, læra bort, halda kurs, vidareutdanning, formidle, skapa interesse – dette er nokre element i det vi kan kalle forvaltning av immateriell kulturarv. Eitt av dei konkrete resultatane var at HFS sin første lærling i tømrarfaget tok fagbrev og fekk fast jobb. Eit anna er at HFS vart alternativ opplæringsarena for grunnskulen, som har gitt éin til to elevar praksis i smia nokre timer i veka. Ei rekke handverkskurs har hatt god oppslutning, mellom anna ulike kurs i tekstile teknikkar. Desse er



Åsmund Kristiansen  
Foto: Silje Ensby

arrangert i samarbeid med Folgefonn husflidslag.

Ingen hadde vel trudd at feiringa av 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov skulle få så stor merksemd. Media har dekt ulike sider ved landslova gjennom heile året. Jubileet har vore ein raud tråd gjennom heile året i Agatunet, manifestert gjennom utstillinga «Lov om land», som handlar om odel, jordskifte og fruktdyrking.

Ingebrigt Vik museum feira 90 år 17. mai 2024, med stort og ope arrangement i museet og konsert om kvelden. Og det kom mykje folk til heile arrangementet. I Kabuso fekk eit anna jubileum stor merksemd, nemleg 30-årsjubileet for det regionale kunstnarforumet Hardingpuls. Utstillinga romma 26 biletkunstnarar og var godt besøkt.

Dei norske musea sine eigne driftsbygningar, publikumsbygg, samlingsbygg, magasin osv. er halde fram som ei stor utfordring, ettersom mange av dei er bygde i 1970- og 80-åra. HVM arbeider med saka. Det store prosjektet ved Voss folkemuseum var to omfattande ENØK-tiltak. Me bora etter grunnvarme, og me skifta dører og vindauge i samlingsbygget. Prosjektet vart gjennomført våren 2024, og anlegget vart kopla inn i slutten av mai.

Hardanger fartøyvernssenter sitt nye publikumsbygg har kome langt i 2024, og vil etter planen vera klart til å takast i bruk våren 2025.

Store og små oppdrag er utførte i regi av Hardanger fartøyvernssenter gjennom året. Mellom dei store var dekkleggning på fullriggaren «Sørlandet», som krov mykje av både handverkarar og prosjektleiarar. Med ei etter måten trong tidsramme var det naudsynt med eit stort mannskap for å få gjennomført alt som var tinga. Men mange stilte opp og ytte mykje, så resultatet vart svært tilfredsstillande. HFS sin innsats hausta mykje ros!

Eit oppdrag som var mindre i omfang, men som likevel var viktig, var Sam Eyde sin lystbåt som kom ut av verkstadhallen etter istandsetjing av skrog og overbygg. Og ikkje minst var det kjekt å sjå rutebåten MB «Tafjord» på sjøen igjen, etter sju år i

verkstadhallen på HFS og fleire år på land før det.

Rådgjeving er ei viktig oppgåve for mange i HVM. Dette er ikkje minst arbeid som gjer oss relevant som samfunnsinstitusjon. Eit godt døme på samfunnskontakt og kompetansebygging gjennom rådgjeving, er bygningsvernkonsulentane i Hardanger og Voss. På Voss er bygningsvernkonsulenten prosjektleiar for «Lys i gamle hus», eit prosjekt i regi av Fortidsminneforeninga der ein arbeider for at tomme bustadhus skal setjast i stand og takast i bruk. Som nasjonalt fartøyvernssenter har HFS sine fartøyvernksulentar og handverkarar rådgjevingsoppgåver på ei rekke område. Særleg viktig i 2024 har kontakten med fylkeskommunane vore, som sidan 2021 har hatt førstelinansvar for forvaltning av dei flytande kulturminna.

Eitt stort høgdepunkt i 2024 var overrekkinga av prisen Europa Nostra Awards til dei tre nasjonale fartøyvernssentra. Dette vart ein festdag, toppa med dåp og sjøsetjing av ein nybygd åttæring som fekk namnet «Alfa». Eg må òg nemna at SJ Mathilde var 140 år i 2024. I bursdagsgåve hadde ho fått seg eit nytt storsegl, sydd av ein ekspert med seglduk som var spesialprodusert til føremålet. Innviinga av seglet og feiringa av dagen skjedde i Ølve, der SJ Mathilde vart bygd i 1884. Riksantikvar Hanna Geiran og direktør Simen Bjørgen i Kulturminnefondet bidrog til at dette vart stor stas.

Slik vi sjølve oppfattar det, jobbar organisasjonen godt og har ei profesjonell drift. Sjukefråværet er lågt, noko som truleg kan tyda at folk trivst på jobb.

Økonomien til HVM er utfordrande. Ei av utfordringane er at tilskotsmidlar og inntekter elles ikkje heilt står i stil med auken i kostnader. HVM har eit mål om ei forsvarleg økonomisk drift, men dei siste åra har det vore litt knapt. 4Eg takkar alle kollegaer for eit godt samarbeid i 2024. HVM har både styrefart og ein god kurs. Takk òg til styret og eigarstyra for godt samarbeid. Frivillige som er knytte til HVM, tilskotsytarar, forvaltning og andre samarbeidspartar skal òg ha takk!

Åsmund Kristiansen

Direktør  
Åsmund Kristiansen





I 2024 er det gjennomført eit «grønt skifte» ved Voss folkemuseum, ved at me no hentar varme frå fire brønner som kvar er 220 meter djupe. Dessutan vart alle vindaugo og to dørar i fyrste høgda skifta. Foto: Kjell Herheim, VFM.

## Berekraftig utvikling

Målet er at Hardanger og Voss museum gjennom eiga drift, fagleg arbeid og formidling skal bidra til økonomisk, sosial og miljømessig berekraftig utvikling.

HVM vart sertifisert Miljøfyrtårn-verksemnd i 2011 med to sertifikat i to ulike bransjar. Før resertifisering i 2024 vart det klart at HVM måtte ha eigne sertifikat på alle avdelingar med meir enn fem tilsette. Dette resulterte i fire sertifikat i to bransjar. Ein av fordelane med sertifiseringa er at me får god innsikt i klimafotavtrykket vårt. Me må dessutan gjennomføra ei rekke tiltak i samband med resertifisering, for å oppretthalda sertifikata. På eit overordna nivå kan ein seia at deler av klimarekneskapan heng saman med aktivitetsnivå, medan andre deler er ganske stabile. T.d. har straumforbruk pr kvadratmeter vore ganske stabilt, medan reiser med fly og bil heng saman med aktivitetsnivå. Når Hardanger fartøyvernssenter har

oppdrag andre stader i landet, vert det meir reising enn om dei fleste oppdraga vert gjennomførte på eige anlegg. Reiser me på konferansar, seminar, kurs og møte vert det større klimafotavtrykk enn om me ikkje gjer det. Noko av dette er viktige ting å delta på for å kunne gjera jobben vår, men me må alltid vurdera reisemåte, samkøyring og andre tiltak for å minimalisera utslepp av klimagassar og energiforbruk.

Voss folkemuseum har over fleire år gått gjennom ei oppgradering av samlingsbygget, som òg rommar utstillingar, resepsjon og kontor. I 2024 vart det tatt eit stor løft, med installasjon av energibrønner, vatn-væske varmpumpe og tetting av bygget i form av over 30 nye vindaugo og to nye dørar. Førebels ser det ut til å gje god effekt. Forbruket i desember gjekk ned frå ca. 38 000 kWh i 2023 til ca. 17 000 kWh i 2024. Årleg innsparing er rekna til 120 000 kWh.

## Likestilling, mangfald, deltaking

Prosjektet frå 2023 om universell utforming og tilgjengeleggjering i freda og verna bygg har ført mykje positivt med seg, som følge av auka kompetanse. Nokre av prosjekta Hardanger folkemuseum har vore involverte i, er rådgjevande samtalar med Vestfold fylkeskommune, som saman med Vestfoldmusea ynskjer å gjera Edvard Munch sitt hus og hage i Åsgårdstrand meir tilgjengeleg. Universell utforming AS ynskjer Line Iversen med som ressursperson i vidareutvikling av eit sett praktiske råd og forenkla kartleggingsmetodar for verna og freda kulturminne. Riksantikvaren har vore på synfaring for å sjå korleis me har arbeidd med universell utforming og korleis me har kartlagt dette. Dette var i samband med at Riksantikvaren i 2024 har arbeidd med rettleiingsmateriale og eksempelsamling.

Alle avdelingane i HVM er opptekne av å involvera born og unge i arbeidet. På kulturminnedagen er 4H ein svært aktiv og positiv bidragsytar ved Agatunet og Hardanger folkemuseum. I år fekk dei ansvar for fleire oppgåver, og det var svært positivt.

Via Norsk publikumsutvikling har me gjennomført publikumsundersøkingar dei to siste åra. Resultata vert i hovudsak følgt opp av ressursgruppa for formidling, men me drøftar dei òg lokalt på kvar avdeling.

Nokre tiltak og arrangement har gratis inngang, eller ein lågare billettpris enn vanleg. Dette er tiltak for å vera tilgjengeleg for alle, uavhengig av økonomi og bakgrunn. *Kabusoven* er eit årskort som gjev gratis inngang i utstillingane og rabatt på konsertbillettar i Kabuso; dessutan er kvar første torsdag i månaden gratis for alle i utstillingane der.

Vaksenopplæringa i Voss herad hadde som vanleg joleavslutninga si på Voss folkemuseum. Dette er eit prisverdig tiltak – flyktingar og andre

som nyleg har flytta til Voss vert litt kjende med museet og med lokale joletradisjonar.

Me skifta ut alle dører og vindaugo i fyrste høgda i samlingsbygget på Mølster. Dei nye dørene i hovudinngangen kan no opnast med ein trykkknapp, slik at det er lettare for alle å koma seg inn.

Båtbasen er eit toårig samarbeid mellom Ungdomsklubben «Basen» i Norheimsund, og HFS. Heile ungdomsklubben flytta inn her frå påske til haustferien, avbrote av sommarferien, og skapte liv og røre i tunet kvar onsdag. Her har dei fått ta seg av Gavlabåten i lag med ulike fagfolk, alt etter kva type reparasjonar og vedlikehald som har stått på planen. Det har vore eit svært kjekt samarbeid som me gler oss til å halda fram med. Her har 15–20 ungdomar frå 13 til 18 år funne seg godt til rette og fått eit eigarskap til plassen. Det er eitt år att av prosjektet, som er finansiert delvis gjennom ungdomssatsinga til Norsk foreining for fartøyvern, og me ser alt på korleis det er mogeleg å halda fram samarbeidet etter at prosjektperioden går ut hausten 2025.

Kvam herad si satsing «Ung fritid» er eit tilbod til alle, men særleg dei som ikkje har høve til å reisa vekk på ferie. Dei var med på to dagsturar med SJ Mathilde i sommar. I tillegg deltok me med tilbod om småturar på fjorden i samband med «Bygdaskoi» i Øystese. Det siste me hadde for oss før båten vart rigga ned for vinteren var to veker med museumstokt i ytre deler av Hardangerfjorden, der elevar frå ulike skular var om bord for å læra om kulturhistorie, sjømannskap og segling.

Fleire av dei tilsette som jobbar i førstelinja ved Kabuso var på kurs i regi av Kvam herad for å læra meir om korleis ein møter menneske med demens. Kurset er eit av tiltaka for å skapa eit demensvennleg samfunn i ei tid der fleire og fleire får sjukdommen.





# Lokal fotoskatt i jolegåve til vossingane

Likar du å kika litt etter folk, landskap, Vangen og hendingar frå tidlegare tider? Då kan du gle deg over at det rett før jol er lagt ut ein fotoskatt med 11.500 lokale foto, mellom anna frå Horda Tidend.



Foto: Voss folke museum

Folket ligg på beitemarkene til voss folke museum, og er tette å koma fram i. Det er fotografen og konservator Kjell Herheim som har utført det arduaste og mest mættelike arbeidet med å gjera fotosamlingane våre tilgjengelige for alle.



Foto: Voss folke museum

Denne fotoen er lagd av Kjell Herheim. Han har tatt mange gode foto gjennom årene, og det er kjekt å sjå dei i utstillinga vår. Her er eit lite utval av dei som er utstilla i vår utstilling.



Foto: Voss folke museum

Her er eit lite utval av dei som er utstilla i vår utstilling. Dette er eit foto av ein gammal bygning i Voss. Det er kjekt å sjå dei i utstillinga vår.



Foto: Voss folke museum

I desember la Voss folke museum ut 11 500 bilete frå samlingane våre, og avisa Hordaland brukte ei dobbeltside på denne storhendinga. Faksimilie avisa Hordaland 31.12.24.

## Forvaltning av materiell kulturarv

HVM skal i fylgje eigen strategi samla inn, bevare, vidareføre og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar. Innsamlingspolitikken skal vera restriktiv. Eitt av måla er å forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktoy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering. Kulturhistoriske bygg og anlegg skal forvaltast slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå. HVM forvaltar ei gjenstandssamling på 52 000 gjenstandar og 95 000 fotografi. Fulle magasin, både egne og leigde, fører til at HVM fører ein restriktiv innsamlingspolitikk. Generelt er gjenstandar i magasinane tekne godt vare på. I leigde lokale og i tun (som inventar i historiske bygningar) er dei ikkje så godt sikra med tanke på tjuveri og klima. HVM har nokre gjenstandar i fellesmagasinet til Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Fellesmagasinet er så godt som fullt. Prosessen med å bygge eit nytt fellesmagasin har gått over fleire år, men det blir stadig meir konkret. HVM forvaltar fotosamlingane etter Anders Wallevik og Herheim foto, i alt minst 95 000 foto. HVM arbeider med å dokumentera og publisera bileta frå desse samlingane, men det vil ta tid før me er i mål. Kunstsamlinga utgjer hovudsakleg verk av bilethoggaren Ingebrigt Vik, men me har òg andre



Åklene ved Hardanger folkemuseum gar fått nytt oppheng. Foto: Benjamin Richards, HFU.



Støvsuging av tekstiler på Hardanger folkemuseum. Foto: Anne Lise Brask Eriksen, HFU.

kunstnarar frå Voss og Hardanger. Verket Hardanger Skyspace av James Turell er lokalisert i tilknytning til Kunsthuset Kabuso i Øystese. Ingebrigt Vik museum er i seg sjølv ein historisk bygning med høg arkitektonisk kvalitet, teikna av Torgeir Alvsaker i 1934. Ettersom det huser kunstsamlinga etter Ingebrigt Vik vert det i statistikken rekna som eit samlingsbygg og ikkje ein del av bygningsamlinga.

## Gjenstandsforvaltning

I september hadde Voss folke museum besøk av Tale Annesdatter Aasheim, konservator frå Museumssenteret i Hordaland, Salhus. Ho har vore inne i eit treårig engasjement der ho arbeider med dokumentasjon av samlingar og registrerer gjenstandar i Primus. Hjå oss arbeidde ho med verktoy som kan verta ein del av den planlagde verktoy-utstillinga i 2025.

Fotografen vår, Kjell Herheim, har lenge arbeidd med å gjera fotosamlingane våre tilgjengelege for fleire. I desember kunne me endeleg gjera prosjektet kjent, og frå heimesida vår kan alle no søkja i biletarkivet vårt. Så langt er rundt 11 500 bilete publiserte, og talet aukar jamleg. At prosjektet har interesse vart raskt tydeleg – eit par dagar etter at avisa Hordaland skreiv om det fekk me e-post frå nokon i USA som gjerne ville inn på sida.

Arenaansvarleg på Kvam bygdemuseum Storeteigen har delteke på kurs i gjenstandshandtering gjennom Bevaringstenestene. Etter samarbeid med ein lokal skomakar har tre par sko vorte leverte inn for handsaming same stad. Det har elles vore mindre endringar i samlinga med ei avhending og eitt inntak av nye gjenstandar. Det vert jobba med overtaking av ein klogge- og skoverkstad frå Laupsa i Øystese.

Hardanger folkemuseum (HFU) har motteke rettleiing frå og arbeidd saman med konservatorar frå Bevaringstenestene. Dette arbeidet har gått ut på å vurdere, pakke og frakta samlinga vår av skulpturar av kunstnaren Lars Utne til fellesmagasinet ved Museumssenteret i Hordaland.

HFU fekk òg hjelp og opplæring av tekstilkonservatorar med samlinga vår av åkle. Dette innebar vurdering, reingjering og pakking. Det er bygd nye stativ for tekstilane me har i dag, og det er laga plass til å ta imot meir. Opplysningar om både åklea og skulpturane er oppdaterte digitalt, med nye bilete. Dette gjer at desse samlingane er meir tilgjengelege for publikum og sikrere for framtida.

I tillegg har HFU delteke på et vekekurs saman med andre museum frå Vestland. Noko av innhaldet var nytenking på korleis handtera, ta vare på og utvikla samlingar på museum i dag. Dette arbeidet vil fortsetja i 2025, gjennom eit samarbeidsprosjekt koordinert av Museumssenteret i Hordaland.





Restaurering av Nesjastova på Hardanger folkemuseum. Alle foto: Anne Lise B. Eriksen, HFU.



Arkitektstudent Guro Sæbø har teikna kjøkenløsning.



Velure-stabburet på Skredhaugen får ei god vøle.

## Forvaltning av historiske bygningar

I tunet på Utne har bygningsavdelinga halde fram med restaurering og vedlikehald av husmannsstova. Nesjastova er eitt av fem hus i bygningsssamlinga på Utne som står på opphavleg plass. Dette året har me utført arbeid i første høgda med panel, legging av golv, måling av overflater og mura opp pipeløp. På kjøkenet har me nytta høvelspon som isolasjon i golvet. Då me reiv panelet i stova, som var sett opp utanpå den gamle tømra, fann me under panelet eit kraftig nedsota rom. Via kjeldesøk fann me årsaka. Etter at heile familien vart ramma av tuberkulose vart stova vaska grundig ned, og deretter utrøykt. Sotet me fann på laftet var etter utrøykinga. Då mannen i huset, som hadde overlevd tuberkulosen, flytta inn att i stova etter nokre år, må han ha lagt panelet direkte oppå det gamle sotet. Då me fjerna panelet i 2024 trudde me først at stova var måla grøn. Etter grundig skuring vart den opphavlege fargenyansen, ljøs oker, synleg.

Også i år har me hatt Guro Sesilie Sæbø, som til vanleg er arkitektstudent ved NTNU, med på vøle av Nesjastova i sommarsesongen. I år har ho teikna kjøkenløsning til Nesjastova.

På Skredhaugen har me vølt muren under Velurebua. Tørrmurer Jan Asbjørn Utne var med på arbeidet. På Grevehuset vart takrenner skifta ut og fasade mot sør måla.

I Agatunet har bygningsvernkonsulenten oppdatert hus i databasen Askeladden, som er Riksantikvaren sin database over freda kulturminne. Handverkarane har også brukt noko tid på utstillingane. Det er utført vedlikehald på fleire hus, blant anna vindauge i Lagmannsstova. To hellerader på Adnestova er tatt ned og røte treverk er skifta ut.


I alle tre tuna er det utført mindre vedlikehald på husa. Til dømes er det skifta ut golvbord, vindauge er vøla og hus er måla. I tillegg vert det noko arbeid med sprinklaranlegg, brannalarmer og tilrettelegging ved arrangement.

På Vavollstova (frå 1685) ved Kvam bygdemuseum Storeteigen er det utført restaureringsarbeid på delar av tak og veggar, samt sett inn ny dør. Møbelverkstaden same stad har fått restaurert ein del av vindauga i den eldste delen av bygningen.

Fagskulen Vestland har hatt Storeteigen som ein av basane for samlingar dette året. Dei har gjort grundig dokumentasjonsarbeid av bygningsmassen og overlevert rapport på dette. Dei har òg hatt aktivitet i verkstaden og lagt ferdig skifertak på det opne grindbygget.

Etter kravliste frå Kvam energinett har elektriske installasjonar vorte utbetra på heile tunet.

Det vert elles jobba med å sjå på om ein tradisjonshandverkar vil kunne ta i bruk verkstaden for eit levande museum.



Omfattande reparasjon av skroget til SJ Mathilde, her frå slippet på Bømlo. Foto: Kasper Krogh Hansen, HFS.

## Forvaltning av historiske fartøy

HFS eig fire historiske fartøy som er i meir eller mindre aktiv bruk, i tillegg til den opne Gavlabåten. Båten er om lag 27 fot lang og har vore nytta til ymse formål, men opphavleg truleg til notfiske. I 2024 har Gavlabåten hatt ei stor rolle i eit ungdomsprosjekt i samarbeid med fritidskoordinatoren og utekontakten i Kvam, eit prosjekt nærare omtalt ein annan stad i årsmeldinga.

På fiskefartøyet MK Vikingen har det vore utført ein del arbeid. Noko av det er utført av frivillige, mellom anna på motoren der dieselpumpa er overhaldt. I haust var båten på slipp og vart skrapa og spylt før nytt botnstoff vart smurt på. Det gjorde stor skilnad på framdrifta. Riggprosjektet held fram. Riggarane har fått oversikt over kva som må supplerast og skiftast. Mellom anna er det kjøpt inn nye masteringar. I tillegg har fartøyet fått ny redningsflåte.

Lystbåten MY Faun har eit aktivt venelag av frivillige som vanlegvis legg ned ein stor innsats kvar vår. Slik var det òg i 2024, då det i byrjinga av mai var vårdugnad. Medlemmer av venelaget skrapa dekket og behandla det med linolje. Etter det har det vore smurt fleire gonger i sesongen. Elles var det vanleg skraping, lakking og nedvask. Toalettet har vore demontert og reingjort i ultralyd-bad før det vart montert att. I regi av venelaget vart båten slippet hjå Bergen seilforening i slutten av juni. Då fekk han seg nytt botnstoff og fribordet vart måla.

Etter vurdering av båten i haust, er det bestemt å halda båten på HFS under tak mesteparten av neste år. Etter dialog med venelaget håper me å få til nokre turar om sommaren, men båten skal ikkje liggja i Bergen utan tildekking over lengre tid.

Det tidlegare fraktefartøyet SJ Mathilde frå 1884 vart slippet på Tau midt i mars. I samband med femårs-klassing fekk me pålegg om å utbetra skroget før fart. Det var ein stor kostnad og mykje arbeid like før sesongstart. Arbeidet skjedde på Bømlo med eigne handverkarar. Tilsynet resulterte dessutan i endå eit pålegg om utbetring av ein del av skroget, med litt lengre tidsfrist.

MF Folgefonn I er under istandsetjing ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernsenter. Arbeidet har vore knytt til utskifting av skrogplater, utbetring av skrogplater og utbetring av spant. Arbeidet har gått ut på demontering og kopiering av hudplater med klargjering for montering, som rustbanking og reparasjonar på spant og mellomlegg. Deretter montering, brotsjing og klinking av hudplater. På bildekket er det utført arbeid med rennesteinar. I samband med oppdocking måtte skroget gjerast heilt tett. Sommaren og hausten 2024 vart MF Folgefonn I liggande til kai utan framdrift på istandsetjinga.

## Driftsbygningar og anlegg

Brannvarslingsanlegg på Skredhaugen og på Utne vart sett i drift i 2024. Det må inn ei ny sløyfe i tunet på Utne grunna feil frå leverandør. Dette



arbeidet skal fullførast i 2025.

Arbeidet med ENØK- og ombygging på administrasjonsbygget på Utne skal prioriterast i 2025.

Arbeidet med ENØK-tiltak på Voss folkemuseum vart fullført i 2024 og er omtalt andre stader i årsmeldinga.

Utviklingsplanen «Tett På» ved HFS går sin gang og har kome mange steg vidare i 2024. Dei to bygningane Kulturnaustet og Handverkartunet vart reist. Denne sommaren hadde me to kranselag. Handverkartunet er bygd hovudsakleg med furutømmer frå Voss, samt noko frå Hallingdal. Konstruksjonen er såkalla tungt bindingsverk, ein konstruksjonsmåte ein ser på sjøhus og på større driftsbygningar i landbruket. Sjølv trekonstruksjonen er utført med tradisjonelt handverktøy av bygningsvernstudentar frå NTNU. Fagskule-studentar har òg delteke i arbeidet. I det heile har dette vore eit stort kompetanseprosjekt, som vil gie plass for båtsamling, fartøydeler, byggeplass m.m.

## Arkiv og bibliotek

I løpet av 2024 har HFU starta ein prosess med omorganisering av bibliotek og arkiv. Målet er å gjera materialet meir tilgjengeleg, ope og tilgjengeleg for publikum, forskarar og for oss internt i organisasjonen. Me fekk midlar frå Arkivforbundet til å reisa på studietur til London, der samlingsforvaltar, formidlingsleiar og avdelingsleiar besøkte museum og arkiv og fekk eit innblikk i korleis dei arbeider i kulissane. Ein rapport frå turen er tilgjengeleg på arkivforbundet sine nettsider (<https://www.arkivforbundet.no/rapporter-pa-stipend/>). Dette har inspirert til ei rekke idear og planar som skal utviklast vidare i 2025 og utover for å bruka og utvikla arkivmaterialet til å verta nytta meir aktivt, samt eit større samarbeid med andre aktørar. HFU har ei stor samling glasplater etter fotograf Anders P. Wallevik. Samlinga har stor lokal og nasjonal verdi. I år er desse bileta gjort tilgjengelege for ei privat utstilling utvikla av familien Wallevik. Visningssenteret deira opna våren 2024. Fotoutstillinga på Hardanger

fartøyvernssenter, som opnar i 2025, kjem òg i ein fornya versjon. HFU har fortsett med praksisen å registrera og publisera nye bilete og gjenstandar me mottek, slik at så mykje som mogeleg av samlingane våre er tilgjengeleg på digitalt museum.

Hardanger folkemusikksamling fekk tilsett ny folkemusikkarkivar november 2024. Arkivsystemet som vert nytta her, Fiol, er på veg ut, og ein er på leiting etter eit nytt system. Folkemusikkarkivaren har òg ei 20 % prosjektleiarstilling for eit treårig dokumentasjonsprosjekt i regi av Hardanger folkemusikksamling.

Det digitale arkivet ved Hardanger fartøyvernssenter held fram med å veksa, og inneheld nær 400 000 filer. Dokumentasjonssenteret er eit lågterskeltilbod, og har eit ope og søkbart arkiv som bidreg til kunnskapsdeling. I arkivet finn ein foto, video, dokument, teikningar og rapportar. Dokumentasjonssenteret er eit fellesprosjekt for dei tre nasjonale fartøyvernssentra, og arbeidet er støtta av Riksantikvaren. Det ligg her: <https://dokumentasjonssenter.fartoyvern.no/fotoweb/>

Arbeidet med å samla inn, digitalisera, og sikra arkivmateriale frå fartøyeigarar held fram. Dette er også ein del av dokumentasjonssenteret, som mellom anna går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.

HFS si fagboksamling har vokse vesentleg det siste året, og inneheld no 2104 titlar. Nye titlar blir lagt inn i samlinga fortløpande.

Nytt i 2024 er at alle tidlegare utgjevingar av magasinet Fartøyvern og Dampskibsposten er digitaliserte. Desse vil bli gjort tilgjengelege for publikum i løpet av 2025.

Arbeidet med å registrera boksamlinga ved Voss folkemuseum held fram. Me tok mot ei stor boksamling frå Voss gymnas i 2016, og sjølv om me har grovsortert samlinga har det ikkje vore råd å søkja etter bøker digitalt. Bibliotekaren vår, Anders Sandvik, registrerer bøkene våre i Bibliofil, programmet Voss bibliotek nyttar. Samlinga vår er søkbar frå nettsidene deira. I 2024 fekk me registrert 1090 bøker, slik at det samla talet på registrerte bøker er 4804. Me anslår at samlinga inneheld rundt 20 000 bøker.



Peter Helland-Hansen fekk årets kulturpris i Kvam av ordfører Torgeir Næss. Foto: Silje Ensby, HFS



## Forvaltning av immateriell kulturarv

HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. **Hardanger fartøyvernssenter** er godkjent som lærebedrift innan smed-, reipslagar-, tømrrar og båtbyggjarfaget. **Hardanger folkemuseum** har tilsett hardingfelespelar ved folkemusikkarkivet, som ein del av ordninga med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990-åra. **Hardingfela.no** er ei vidare satsing på folkemusikk i partnerskap med Ole Bull Akademiet på Voss. I partnerskapen samarbeider me om folkemusikk som hardingfelespel, folkedans, kveding og felebygging. HVM har stor aktivitet på bygningsvern, både gjennom restaureringsarbeid i museumstuna og som læringsarena for Fagskulen i Vestland si bygningsvernutdanning. Forvaltning av immateriell kulturarv er såleis integrert i mange sider av drifta ved HVM, gjennom restaurering av historiske bygg og fartøy, fagopplæring, kurs m.m.

Målet er å forvalta tradisjonsfaga våre på ein forsvarleg måte ved å utvikla ein god modell for overføring av desse faga.

### Fartøyvern

Hardanger fartøyvernssenter hadde ved utgangen av 2024 sju lærlingar: Fem i trebåtbyggjarfaget,

der den eine er knytt til småbåtverkstaden, ein lærling i reipslagerfaget og ein i tømrrarfaget. Våren 2024 gjennomførte vår første tømrrarlærling fagprøven med resultatet «meget godt bestått». Lærlingordninga er viktig både for å vidareføre kunnskap og for vidare rekruttering til faga. Generelt er det å bidra til at unge fullfører utdanninga si i lærebedrift ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt.

I 2024 vart Hardanger fartøyvernssenter godkjend som alternativ opplæringsarena, ei ordning som gjer at elevar i grunnskulen kan få opplæring utanfor skulen sitt område. I praksis har det ført til at smeden vår kvar veke i skuleåret har hatt med seg ein til to elevar i smia. Dette har vore særers vellukka for alle partar.

Kvam Herad sin kulturpris vart tildelt båtbyggjar Peter Helland-Hansen. Prisen vart overrekt av ordfører Torgeir Næss, og var ei vel fortent utmerking til ein dedikert handverkar og framifrå formidlar, som i år hadde 30-årsjubileum som leiar for Småbåtverkstaden. Peter har vigg yrkeslivet sitt til å dokumentera, praktisera og vidareføra kunnskap om både båtbygging og båten i bruk. Gjennom si rause formidling til både vaksne og born som kjem inn i verkstaden, deler han både kunnskap og kveiker interesse for kulturarven vår.





Bunaden godt representert i Paraguay då bunadsbruk i Norge, sosial praksis og tradisjonshandverk vart innskriven på UNESCO si representative liste over immaterielle kulturarv. Agnete Sivertsen (nr. fire frå høgre) som jobbar ved Hardanger folkemuseum var der som styreleiar i Noregs husflidslag. Foto: UNESCO.

## Bygningsvern og Herand sag

Bygningsvern er ein aukande aktivitet i HVM og me opplever at kompetansen på bygningsvern er stadig aukande. Den freda, vassdrivne oppgangssaga i Herand vert forvalta av HVM, avdeling HFS. Dette er ei sag som er i relativt god stand og som mellom anna vert nytta til å produsera material til bygningsvern. Det immaterielle elementet ved saga er viktig, så drifta er ein del av den heilskaplege forvaltninga. I 2024 leverte me ein del material på bestilling og tok også noko heim til eige lager.

## Tekstil

Hardanger folkemuseum har rike samlingar av tradisjonelle tekstilar. Ein stor del av desse er drakter og draktdelar som har vore nytta i folkedrakter og bunadar frå Hardanger. Tekstilane er laga med bruk av mange ulike, tradisjonelle teknikkar. Desse draktdelane dannar utgangspunkt for kursverksemda på museet. Med kurs som opplæringsform får me vidareført tradisjonelle tekstile teknikkar, og synt fram korleis det gamle folkedraktmaterialet me har i samlingane kan danna grunnlag for variasjon i dagens hardangerbunader. Kursar går over ei helg, gjerne fredag til søndag. Ein får servert god mat og har ei hyggeleg helg, samstundes som ein lærer noko nytt eller fordjupar seg i noko ein kan frå før. Kursar vert gjennomført

i samarbeid med Folgefonn husflidslag. I 2024 arrangerte me fire helgekurs:

- Kniplingar med gulltråd, 23. –25. mars, kurslærer Åse Bratland, 6 deltakarar
- Bringklut, 1. –3. mars, kurslærer Agnete Sivertsen, 7 deltakarar
- Hardangersaum, 20. –22. september, kurslærer Agnete Sivertsen, 4 deltakarar
- Smøyg og svartsaum, 5. –6. oktober, kurslærer Agnete Sivertsen, 5 deltakarar

I tillegg hadde me dagskurs i hardangersaum for ei gruppe frå Japan, og eit dagskurs i strikking i tvebandstrikk for ei gruppe frå USA.

Museet har òg hatt opplæring av studentar og skuleelevar. I fleire år har elevar i niande klasse ved Hauso skule kome til museet og fått læra å sy hardangersaum. Dette er året dei er konfirmantar, og mange får bunad til konfirmasjonen. Ved å sy noko hardangersaum får dei ta praktisk del i vidareføringa av ein lokal saumteknikk med røter til 1600-talet, samstundes som dei får ei djupare forståing av arbeidet som ligg bak bunaden. Saumen dei syr feller dei sidan inn i ein stoffpose dei kan oppbevare bunadsskjorta i. Studentane som var her kom frå studiet Tekstilkultur 2 ved Høgskulen på Vestlandet, og fekk opplæring i hardangersaum og smøyg.

I tillegg til kurs på museet har me i 2024 også hatt fleire kurs eksternt, mellom anna for Eidfjord



Hardingfela.no ved Rannveig Djønn og Alexander Aga Røystrand frå Hardanger folkemuseum deltok i undervisning kring utstillinga Syssterspel på Hardanger folkemuseum. Foto: Tine Kjosås.

husflidslag, Nittedal husflidslag og Hordaland husflidslag. Museet har òg halde kurs på fleire av dei nasjonale fagarenaene på tekstilfeltet, slik som Fagdage i bunad og folkedrakt eller Norges husflidslag sitt storslagne Tekstilsymposium.

2024 vart avslutta med internasjonal anerkjenning då *Bunadsbruk i Norge, sosial praksis og tradisjonshandverk* vart innskriven på UNESCO si liste over verdas immaterielle kulturarv. Agnete Sivertsen deltok på innskrivingsarrangementet i Paraguay 5. desember, som styreleiar i Norges Husflidslag.

Det meste av arbeidet med skautfelling har i 2024 vore knytt til forskning og vert omtalt der. Målet i HVM sin strategiske plan er å etablere skautfelling som eit fag i museet sin portefølje, der me forvaltar og tek vare på skautfellingshandverket gjennom utøving, produksjon og opplæring. I løpet av 2024 har ein kome nærare dette målet, og håpet er at me i løpet av 2025 kan starta med produksjon av skaut.

## Hardingfela.no

Nokre av dei større satsingane til hardingfela.no i 2024 var at me igjen sette deltakarrekord på UngOsa med born og unge. 5. mai var det sesongopning på Utne med konserten og utstillinga «Syssterspel» av Benedicte Maurseth. Hardingfela.no hadde i førekant av opninga bidrege med å samla

inn materiale til ein meir lokal del av utstillinga, med m.a. portrett av kvinnelege hardingfelespelarar frå Hardanger. Me har også besøkt den 92 år gamle hardingfelespelaren Ingeleiv Kjerland Kvammen frå Granvin fem gonger, der me har gått gjennom delar av hennar liv som utøvar. HFU har fått lånt bilete, pokalar, diplom m.m. av Ingeleiv. Ho var sjølv med på opninga og hadde ein samtale med Benedicte Maurseth på scena. Hardingfela.no deltok òg i undervisning kring utstillinga ovafor skuleklassar.

Prosjektet hardingfela.no er eigd av Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet og har to stillingar.

### Styret til hardingfela.no består av:

- Åsmund Kristiansen, direktør ved Hardanger og Voss museum
- Ingvild Hauso, styrar ved Hardanger folkemuseum
- Jo Asgeir Lie, rektor ved Ole Bull Akademiet

Dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøta på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringsmøte med Hardanger folkemuseum.

### Rådet for hardingfela.no består av:

- Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg



- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland
- Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie
- Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har ikkje hatt møte i 2024.

UngOsa er kurs i spel, song og dans under Osafestivalen. Arrangementet gjekk for niande gong og sette deltakarrekord med 114 born og unge på hardingfele, toradar, song og dans.

Felefyllje er namnet me har sett på

solokonsertar ved musea gjennom sommaren. I juli heldt me 200 konsertar i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum.

Morgondagens felemakarar er eit prosjekt i samarbeid med felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet. Prosjektet kom i gang i 2020. Fem ungdomar frå Voss hospiterer i felemakarverkstaden to timar i veka, og målet var at dei skulle ha laga si eiga hardingfele i løpet av tre år. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpte inn frå felemakar Ole Gjerde. Dei unge felemakarane kjem stadig nærare målet om å ha bygd eigne hardingfeler, og alle instrumenta vil verte ferdige i løpet av 2025.

## Forsking, kunnskapsutvikling og rådgjeving

HVM skal forska og utvikla kunnskap med utgangspunkt i eigne samlingar og innan materielle og immaterielle fagfelt. Me skal forska på prioriterte tema i regional og nasjonal samanheng, i fylgje gjeldande regionale og nasjonale planar. Me skal driva forskingssamarbeid med eksterne FoU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka. Som museum skal me formidla truverdig kunnskap og gje gode råd til brukarane våre.

Hardanger og Voss museum er eitt av tre museum i prosjektleiinga i det treårige utviklingsprosjektet «Forskinginfrastruktur for musea i Vestland». I regi av dette prosjektet har det i løpet av 2024 vorte gjennomført to workshoppar, to vekeslange skrivesamlingar for museumstilsette, fleire digitale møte for folk i musea med interesse for forsking. Det har vore god deltaking frå tilsette i HVM i desse tiltaka. Prosjektet har også delt ut stønad til utvikling av doktorgradsprosjekt og ferdigskriving av artiklar. Prosjektleiaren utvikla eit nytt prosjekt for å stimulera forskinga i musea, men diverre fekk me avslag på søknad om tilskot til dette prosjektet. Hausten 2024 vart det gjennomført ei sluttundersøking og laga ein sluttrapport i prosjektet.

Hardanger og Voss museum oppretta i 2022 ei prosjektstilling som forskingskoordinator, og denne vart vidareført i 2023 og 2024. Forskingskoordinatoren har vore HVM sin prosjektleiar i «Forskinginfrastruktur for musea i

Vestland». Ut over dette har forskingskoordinatoren vore leiar for ressursgruppa for forsking ved HVM, og har i løpet av året arrangert tre forskingsfagdagar for museets tilsette med følgjande titlar: «Konservatorgodkjenning NMF, korleis få det?» og «Å forske på eigen formidlingspraksis» og «Presentasjonar av aktuelle forskingsprosjekt ved HVM».

I løpet av året har vi avslutta dei to EØS-prosjekta vi har vore involvert i, begge i Portugal. Våren 2024 vart me involverte i eit nytt EØS-finansiert prosjekt, dette med utgangspunkt i greske båttradisjonar. Hausten 2024 reiste ein større delegasjon frå HFS til Hellas som del av dette prosjektet. Dette vert avslutta tidleg i 2025. Me har konkrete planar om å ta dette samarbeidet vidare i eit nytt prosjekt. Forskingskoordinatoren har leia desse prosjekta.

Det har i 2024 vorte jobba med to fagfelleverderte artiklar i HVM (ein av Agnete Sivertsen og ein av Heidi Richardson). Desse artiklane er no i prosess med tanke om publisering i 2025. Eirik Helleve har jobba med ei bok om utvandringa frå Voss til Amerika, også denne vert publisert i 2025. Det har også blitt publisert fleire populærvitskaplege artiklar i historielaga sine publikasjonar og i magasinet *Fartøyvern*. Tre tilsette fekk konservatorgodkjenning NMF i løpet av 2024 (Sissel Lillebostad, Eirik Helleve og Heidi Richardson). Ein tilsett har deltatt på



Bygningsvernkonsulent for Voss, Tora Lie Brunborg, arrangerte kursrekka «Hjelp – eg eig eit gammalt hus!» våren 2024, med fire kurskveldar på Voss folkemuseum. Foto: Eirik Helleve, VFM.

det kompetansegejvande kurset «Muse 620 Å forske i og på museum», og ein tilsett har deltatt i kurset «MUSE 621 Vitskapleg publisering for museumstilsette», Begge desse kursa er i regi av UiB og gjev 15 studiepoeng.

I juni hadde me besøk av fem utsendingar frå Vlastivedné museum i Olomouci, Tsjekia. Dei var her i fire dagar for å læra om formidlingsarbeidet ved Voss folkemuseum.

Ved tre høve har fotografen ved Voss folkemuseum halde foredrag for lag og organisasjonar på Voss. Foredraga tek utgangspunkt i bileta frå utstillinga «Bygdefotograf», som me viste i 2014.

Styret ved Voss folkemuseum har halde to foredrag utanfor museet. Begge var for lokale pensjonistlag, og begge handla om utvandringa frå Voss.

### Skautfelling

Skautfelling er ein svært komplisert handverksteknikk, som det tek lang tid å læra seg. Museet sin skautfellar har slite med at nokre delar av prosessen har vore vanskeleg å få vellukka, samt å forstå korleis dei ulike delane av felleprosessen verkar inn på det ferdige resultatet. Som del av studiet MUSE621 ved Universitetet i Bergen nytta skautfellaren handverksforskning for å få løyst opp i ein del av desse problema. Ho har i 2024 utført fleire handverksforsøk, der delar av

felleprosessen vart isolert og analysert. Forskinga vart til ein artikkel som vart levert UiB i desember, slik at studiet no er fullført. Planen er at artikkelen skal publiserast i eit dertil eigna fagfelleverderte tidsskrift. Det meste av artikkelskrivinga har gått føre seg på skrivesamlingane på Stordalen fjellstove, som forskingsinfrastrukturnettverket i Vestland har arrangert. Deltaking på skrivesamlingane har vore avgjerande for å få fullført artikkelen.

Skautfellaren har halde fleire foredrag om skautfelling i 2024, basert på forskingsarbeidet, mellom anna på Norges husflidslag sitt Tekstilsymposium. Forskingsprosjektet har òg vore lagt fram og diskutert på museet sine interne forskingsfagdagar og presentert for styret i HVM.

### Bygningsvern rådgjeving

Bygningsvernkonsulent for Hardanger har arbeidsstad på Hardanger folkemuseum, og har rådgjevings-teneste i kommunane Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Kvam. Denne rådgjevingstenesta er eit samarbeid mellom museet og Vestland Fylkeskommune. Bygningsvernkonsulent kan i følgje avtalen med fylkeskommunen utføre arbeid i Hardanger-regionen i inntil halv tid av stillinga. Denne ordninga vart prøvd ut ved Hardanger folkemuseum som eit pilotprosjekt i 1997. Dette vart vidareført til eit treårig prøveprosjekt i 2000, og deretter vart det ei fast ordning med





På fagutviklingsseminaret ved Bergen sjøfartsmuseum var temaet «halvmodell». Nærare 20 personar frå fartøyvern- og museumsmiljøet deltok. Foto: Silje Ensby, HFS.



årlege faste tilskot frå fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune har bygningsvern-konsulentar i ulike regionar.

I 2023 vart det oppretta ei ny stilling for regionen Voss. 2024 var såleis det fyrste heile året med bygningsvernkonsulent på Voss folkemuseum. Ho har halde fem kurskveldar på museet og vore med på kurs fire andre stader i landet. Ho har jamleg hatt møte med ulike avdelingar i Voss herad, med Ulvik herad, og med andre. I alt har ho vore ute på 22 synfaringar, for å koma med vurderingar av ulike bygningar.

Bygningsvernkonsulenten arrangerte kursrekkeja «Hjelp – eg eig eit gammalt hus!» våren 2024, med fire kurskveldar på Voss folkemuseum. Om hausten var det to kurskveldar om bygningstypologiar – desse kveldane handla det om høvesvis bygdesag og bualoftet. Dette er pilotkveldar for ei større foredragsrekkeja, «Byggeskikk og bruk». Voss folkemuseum skipa òg til eit kurs om historiske kjelder.

Bygningsvernkonsulent for Voss er prosjektleiar for «Lys i gamle hus», eit prosjekt i regi av Fortidsminneforeininga. Voss herad er ein av seks pilotkommunar i prosjektet, som arbeider for at tomme bustadhus skal setjast i stand og takast i bruk. Prosjektet er presentert fleire stader, mellom anna under Arendalsveka, Bylivskonferansen og Riksantikvar-timen. I alt har bygningsvernkonsulenten halde 13 foredrag utanfor museet.

Bygningsvernkonsulent for Hardanger har også i år utført oppdrag frå Vestland fylkeskommune,

kulturseksjonen. Oppdraga har dreidd seg om synfaring i høve riving av bygg eller råd om restaurering med påfølgande kulturminnefråsegn. Nokre av desse synfaringane må planleggast i god tid på grunn av tilkomst til staden, som til dømes vurdering av fjellgarden Selland i Røldal, som ligg 600 moh. I år kom også eit oppdrag frå kulturseksjonen i høve ein reguleringsplan i Odda, som ville medføre riving av hus. Her vart det utført arbeid med kjeldesøk, synfaring og dokumentasjon. Huseigarar i regionen tek også direkte kontakt. Oppdraga kan vera ulike, som til dømes råd om restaurering og ombygging, hjelp med søknadsskriving og mykje råd om material, fargeval og måling. Dei siste åra kjem langt færre oppdrag på e-post. Spesielt utover vår og sommar kjem spørsmåla om overflatebehandling. Det kjem få oppdrag frå kommunane direkte, dei fleste kjem via fylkeskommunen. I Ullensvang, som er vertskommunen til Hardanger folkemuseum, har det i år vore oppdrag i høve vøle av eit uthus i Viketunet i Jondal. Dette er eit lokalt bygdemuseum som kommunen eig.

## Bygningsvern, handverksutvikling

I år har vi i samarbeid med studentar frå NTNU sitt bygningsvernstudie bygd tre-delen av det nye Handverkartunet. Mens sjølve bygget er i tungt bindingsverk, er takkonstruksjonen basert på ein tradisjonell hengeverkkonstruksjon, som mellom

anna er brukt i takkonstruksjonen i Vikøy kyrkje. Dette prosjektet har gitt oss eit solid utgangspunkt for å lære meir om takkonstruksjonar og korleis dei fungerer. Dette er særleg nyttig kunnskap, med tanke på at det no er svært aktuelt å delta i restaurering av kyrkjer. Dette heng igjen saman med den nasjonale satsinga på restaurering av kyrkjer, det såkalla Kyrkjeløftet. Samarbeidet med NTNU-studentane er svært gjevande, og me ser fram til fleire slike prosjekt i framtida.

## Fartøyvern rådgjeving

Å vera eit rådgjevande organ på fartøyvernfeltet og bidra med kompetanse og kunnskap innan restaurering etter antikvariske prinsipp, er ein del av oppdraget vårt som nasjonalt kompetansesenter. Rådgjeving går mellom anna føre seg gjennom å bidra med innlegg og foredrag på seminar og arrangement i regi av private og offentlege verksemder i heile landet. Dette er i tråd med Riksantikvaren sine forventingar om at me skal møte kunnskapsbehovet i fartøyvernet.

Både fartøyvernkonsulentar og fagarbeidarar har delteke på ei rekkje ulike arenaer. Reipslagar, ein båtbyggjar og ein fartøyvernkonsulent reiste på forsommaren til Røsvik i Nordland og bidrog på dokumentasjonsseminar i regi av Nordland fylkeskommune. Tidleg på hausten heldt to av fartøyvernkonsuletane innlegg på Vestland fylkeskommune sitt seminar for fartøyvern miljøet. Troms fylkeskommune inviterte på tampen av året til seminar om rigg. Både reipslagar og fagkonsulent bidrog med faglege innlegg under seminaret.

Under Hardanger trebåtfestival kunne ein høyre ein av båtbyggjarane fortelja om vedlikehald av trebåt. Fartøyvernkonsulenten heldt foredrag om den tidlegare bokbåten M/S Epos, om bord i fartøyet som låg ved kai i Norheimsund.

Båtbyggjarmuseet i Vestnes arrangerte hausten seminar om innreiing av jakter, Og to tilsette ved HFS heldt innlegg under seminaret.

Hausten baud òg på seminar milebrenning av tjære på Notodden i regi av Fortidsminneforeiningen. Ein av trebåtbyggjarane heldt innlegg her.

I september inviterte Riksantikvaren til nasjonalt fagleg seminar for fartøyvernkonsulentar som

jobbar i fylkeskommunar og på dei tre nasjonale fartøyvernsetra. Samlinga var på Isegran fartøyvernseter i Fredrikstad. Våre folk bidrog med fire foredrag med ulike tema.

Som eit tilbod til fylkeskommunane og Sametinget har HFS tre gonger i løpet av året invitert til uformell dialog via Teams. «Spørretimen», som møtet vert kalla, tek føre seg eitt tema kvar gong, basert på innspel og tilbakemelding frå personar i fylkeskommunane og Sametinget.

HFS gjennomførte òg i 2024 Fjordabåtseminar, Fagutviklingsseminar, Gaffelriggseminar i september og Maritimt verktøyseminar i oktober. Interne krefter har i hovudsak hatt ansvar for fagleg innhald.

Tema for Fjordabåtseminaret var «prosjektstyring ved restaurering av verna fartøy» og vart gjennomført i mars på HFS. Dette lunsj-til-lunsj-seminaret samla rundt 30 deltakarar frå heile Vestlandet.

Fagutviklingsseminar vart dette året arrangert på Bergens sjøfartsmuseum. Temaet var «halvmodell». Nærare 20 personar frå fartøyvern- og museumsmiljøet deltok.

Nordisk gaffelriggseminar er blitt ein tradisjon og ein ettertrakta læringsarena, med ventelister. 14 båtar og fartøy og 80 personar deltok på seminaret som vart halde i skjergarden utanfor Fredrikstad, i samarbeid med Isegran fartøyvernseter.

Også Maritimt verktøyseminar er populært. Målgruppa er profesjonelle handverkarar som til dagleg arbeider med tradisjonelle verktøy og arbeidsprosessar. Dette året fekk dei tolv deltakarane innføring i verktøy og arbeidsmåtar ved uttak og kløyving av tømmer til båt og hus.

Hausten 2024 vart unge handverkarar inviterte til kurset «Frå halvmodell til spant». Kurset tek mål av seg å gjera unge handverkarar betre kjende med antikvarisk handverk, og var ein del av ei kursrekke finansiert av Sparebankstiftinga DNB og Riksantikvaren. Fleire av handverkarane våre bidrog i undervisninga og i den praktisk gjennomføringa.

På reiparbana har vi ved to høve hatt besøk av kundar som har vore her for å lage sine egne ståande riggar, men rettleiing frå reipslagaren og riggaren vår. Eit anna spanande prosjekt har vore å slå tau til Hardraade vikingskipforening sitt vikingskip. Dette er tjukkare tau enn dei me





Arkeologar frå Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommunar leitar etter spor frå fortida på Agatunet under jorda, men utan å grava. Foto: Andrea Skrede/ Vestland fylkeskommune. Bilde til høgre: Kjellaren i Lagmannsstova fekk ny utstilling med tittelen *Lov om land*. Foto: Tine Kjosås, HVM.



vanlegvis lagar, og dei må såleis produserast på Brunsviken reperbane i Kristiansund. Frivillige frå foreininga var med under arbeidet og gjorde ein kjempejobb. Dette er gode døme på korleis tradisjonshandverk vert vidareført gjennom oppdrag og praksis.

Tidleg på hausten vart riggaren og ein lærling inviterte til Port Townsend Wooden boat festival i

## Formidling

HVM skal formidla kunnskap basert på forskning, samlingane og fagområda våre. Me skal vera i dialog med eit breitt publikum og vera inkluderande. Aktivitets- og opplevingsbasert formidling skal prioriterast og vera tilpassa ulike målgrupper. Born og unge er ei prioritert målgruppe. Me skal vera ein attraktiv besøksstad for turistar og samarbeidspart for reiselivsbransjen.

## Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen

I Agatunet var 750-årsjubileet for landslova av 1274 i hovudfokus gjennom heile 2024. Både utstilling, foredrag og andre arrangement har hatt dette som tema. Kjellaren i Lagmannsstova har fått

USA. I tillegg til å ha stand med reiplaging, heldt riggaren to foredrag under festivalen, som vara tre dagar. Arrangøren var veldig nøgd, og vil gjerne ha besøk av oss også til neste års festival.

Kurset «Lær å segle tradisjonsbåt» var arrangert for tredje gong i 2024. Også denne gangen var det stor interesse og kurset vart fullteikna «på ein blunk».

ei ny utstilling med tittelen *Lov om land*. Denne tek føre seg viktige eigedomstilhøve i Landslova, med fokus på odel, jordskifte og frukthagar. I utstillinga er det egne tekstar for born, og der er ulike aktivitetar retta mot dei yngste.

I starten på året sto utstillinga *Hovudplagg og hårmote i folkedrakt og bunadbruk* på Hardanger folkemuseum. Dette er ei vandreutstilling laga av Norsk folkedraktforum og syner tradisjonelle hovudplagg frå mange stader i Noreg, slik dei var nytta på 1700- og 1800-talet, og korleis dei vert brukte til bunad i dag. Nærare 100 ulike hovudplagg er med. Då utstillinga vart sendt vidare vart tre nye hovudplagg med, mellom anna eit koneskaut frå Sørfjorden i Hardanger.

Hardanger folkemuseum var vertskap for vandreutstillinga *Systerspel* frå mai til september.



Opning av vandreutstillinga *Systerspel* basert på boka skrive av Benedicte Maurseth (t. v) om spelekvinner. Tonje Såkvitne sto for den høgtidlege opninga. Ho er ordførar i Voss herad og medlem i fylkestinget sitt kulturutval. Ingeleiv Kjerland Kvammen (i midten) er sjølv spelekvinner og deltok i samtale med forfattaren. Foto: Åsmund Kristiansen, HVM. Bilete til høgre: Dei fem store Bergslien-måleria gjekk inn dørene på Voss folkemuseum - så vidt! Foto: Kjell Herheim, VFM.

Utstillinga er basert på boka med same namn, skriven av hardingfeleutøvaren Benedicte Maurseth. Ho handlar om kvinner som spelte fele, frå 1700-talet til i dag. Ein har eit bilete av at å spela fele var for menn, men Maurseth har leita fram kvinnene, frå skrift og munnleg tradisjon. Me har òg supplert *Systerspel* med lokale foto frå Hardanger spelemannslag, bilete og gjenstandar frå hardingfelespelar Ingeleiv Kjerland Kvammen, og fantastiske foto av dagens spelekvinner tatt av fotograf Elisabeth Emmerhoff.

Mange skuleklassar besøkte utstillinga, der me hadde laga til eit undervisningsopplegg i lag med dei to tilsette i Hardingfela.no. Elevane fekk læra om spelkvinnene, høyra hardingfele og toradar, og dansa. Oppegget gjekk over tre veker, og om lag 350 elevar tok del.

På Skredhaugen viste me utstillinga *Mellom bakkar og berg* med måleri av Rolf Øydvin. Utstillinga vart arrangert i samarbeid med Skredhaugens vener.

Utne barnehage har besøkt oss flittig i år og. Forutan å nytta museumsområdet og tunet til tur og frileik kjem dei innom om lag ein gong i månaden for å ha eit tilrettelagt opplegg. Me har pressa eple, dansa, perla, bygd leikehus, bakt smultringar og mykje anna. Det er imponerende å sjå kva små born får til.

Georadarskanning er ein ny metode som arkeologar brukar for å finne ting som skjuler seg under jorda. Verktøyet fungerer omtrent som eit



ekkolodd. I vår vitja fylkeskommunale arkeologar Agatunet og skanna mellom bygningane. Funn av spor etter t.d. tidlegare bygningar kan gje ny kunnskap om fortida i Agatunet.

## Granvin bygdemuseum

Som åra før har ikkje museet vore ope med fast omvisar – men er ope for grupper og einskildpersonar som ynskjer omvising. Venelaget har i staden satsa på ettermiddagskonsert kvar torsdag i juli. Dei som i år har bidrege er: Svein Laingen Kjerland, hardingfele; Ruth Lillegraven, litteratur; Toradarjuniorane ved Rannveig Djonne; Silje Skare Storhei, toradar.

Ettermiddagsveitlene hadde godt besøk også i år, om lag 200 vitja tunet desse ettermiddagane. Mange av Jaunsen gjestgjevarstad sine gjester var innom og fekk fine kulturopplevingar. Bygdatunets vener hadde god omsetnad av kaffi og vaflar i Løflotstova.

I byrjinga av 2024 vart det montert nytt låssystem i tunet, og me reknar med at det nye brannvarslingsanlegget i tunet no kjem i drift. Bileta som har henge i Løflotstova, og var utlånt frå Mølstertunet, er no levert attende. Bygdatunet har dette året hatt mykje byggeaktivitet i sitt nærrområde. Coop Prix har bygd ny butikk etter at den gamle Coop butikken vart riven, på østsida mot Øyane er det ny barnehage som vert bygd.





Tunet og Eikehaugen på Storeteigein bygdemuseum i Øystese vart nytta som scene då danseførestillinga Føniks vart framført. Foto: Tine Kjosås, HVM.

For at barnehagen skal vera flaumsikra vart det bestemt at det måtte byggjast meir flaumvern opp mot Kulturbanken. Dette har medført ein flaummur framfor dei to grindverksbygga ein møter på veg ned i tunet, som er kopla på flaummuren som vart bygd rundt 2015. På grunn av all byggeaktivitet i nærområde vart Bygdadagen 2024 flytt til Trudvang og markeringa av Kulturminnedagen 2024 avlyst.

## Voss folkemuseum

Me laga ikkje noko sommarutstilling dette året, mest av di formidlingsleiaren vår var leigd ut til Agatunet for å laga utstilling der. Me arbeidde likevel med utstillingar og la ned mykje grunnarbeid til ei stor utstilling om verktøy som etter planen opnar i april 2025.


Kvar fredag i juli var Voss bygdekvinneleg på Mølstertunet for å demonstrera tradisjonell baking. Det er eit populært innslag, og me er glade for den innsatsen dei legg ned.

Ei lokal arbeidsgruppe arbeider med å heidra dei

mange ski-utøvarane frå Voss som har teke medalje i internasjonale meisterskap. Me har vore med i den gruppa, og tanken er at når arbeidsgruppa får realisert planane sine skal museet visa ei utstilling om skibygd Voss. Heile prosjektet er avhengig av ekstern finansiering, og ei slik utstilling kan tidlegast lagast i 2027. Sparebankstiftinga Hardanger løyvde pengar til førearbeid, mellom anna til utarbeiding av eit forprosjekt til ei slik utstilling. I september var tre av dei tilsette ved avdelinga på ein studietur til andre norske museum som har større ski-utstillingar. Me leverte forprosjektet 1. oktober.

Me har ikkje faste opningstider på Dagestadmuseet. Der er likevel litt besøk, og som regel er det ein av dei fast tilsette som viser rundt. Stiftinga Bergsliminne har lenge hatt formidlingsopplegg for småskulen, knytt til Bergslie-kunstnarane, og nokre av desse gruppene vitjar òg Dagestadmuseet.

I august hadde Bergslie-kunstmuseum seminar her. Dei arbeider for å få laga eit museum som presenterer arbeidet til dei to kunstnarbrøne Knud og Brynjulf Bergslie. Dei eig nokre kunstverk,



I undervisningsopplegget "Planktonsafari" fekk elevane sjølve ro ut på fjorden og fanga plankton. Deretter såg dei på plankton i mikroskop og fekk undervisning om dette. Alle foto: Silje Ensby, HFS

mellom anna fem store måleri Knud Bergslie laga til kroninga av Kong Oscar II i Trondheim i 1873. Dei ville gjerne visa fram desse måleria under seminaret, og me vart samde om at måleri vart viste fram i heile september. Utfordringa var å få måleri inn i bygget. Dei er rundt 3,5 x 2,7 meter, men me fekk bileta inn – med nokre centimeters klaring.

## Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Dette året har Storeteigen vore ope for publikum ved arrangement og elles på førespurnad. Av arrangement hadde me ei utandørs danseførestilling i tunet og på Eikehaugen. Førestillinga Føniks var koreografert av Marit Loe Bjørnstad og produsert av Bergen dansesenter saman med Teater Vestland. Førestillinga trakk kring 60 personar og var særleg populær blant barnefamiljar. Årets jonsokfeiring vart halde med minikurs i ljåslått, hesjing og grilling på bålpanne. Kring 50 personar tok turen. Gjennom året har det elles vore fleire kunstnaropphald ved Storeteigen.

Vidare har uteområdet som alltid vorte nytta flittig av bygdas born og unge – gjerne fleire gongar i veka. Barnehageungane får leika og nyttar seg av grindbygget jamleg. Sameleis nyttar også grunnskulen området til sine aktivitetar. Desse besøka vert i hovudsak ikkje registrerte. I 2024 var 637 personar registrert som gjester og 89

overnattingar av kunstnarar.

Øystese bygdekvinneleg held liv i tradisjonen med baking av krotakaker i Vavollstova. Kulturskuletilbodet Nøringen deltok òg i denne aktiviteten. Også ei privat gruppe har nytta stova for krotakakebakst.

Elles arrangerte Øystese idrettslag det årlege Hardanger halvmaraton med start/målgang på Storeteigen og med godt besøk av store og små på tunet.

## Hardanger fartøyvernssenter

I 2024 har me utvikla nye omvisarmanus ved Hardanger fartøyvernssenteret. Etter seminar ved Nasjonalmuseet november 2023 fekk me mange verktøy me kunne ta i bruk, og før sommarsesongen i år var nye manuskort klare for guidane å ta i bruk.

Sommarsesongen har stort sett gått på same vis som dei siste åra med faste omvisingar éin gong om dagen, og med dei same aktivitetstilboda som før, slik som leikebåtverkstad, roing i tradisjonsbåtar, reipslaging og aktivitetssløype. Og i år vart den nasjonale handverksfestivalen skipa til same helga som trebåtfestivalen, ein vellukka symbiose. «Wings & Wheels» som vanlegvis trekkjer meir enn 3000 besøkjande i august vart i år avlyst av ulike grunnar, men me held dialogen og satsar på å halda fram samarbeidet.

Som ein del av arbeidet med nytt publikumsbygg har me laga eit nytt konsept for den



aktivitetsbaserte formidlinga ved senteret. Under paraplyen «Leik og lær» vert dei besøkande tekne med i samfunnsoppdraget vårt med å ta vare på dei maritime handverksfaga, gjennom aktivitetar på plassen.

I arbeid med nytt publikumsbygg har me jobba mykje med finansiering og søknader, prosjektering av detaljar i nybygget, og ikkje minst har me arbeidd med innhaldet som skal fylle bygget – frå innkjøp av brukte stolar til utstilling og fornya biletspel.

Den kulturelle skulesekken (DKS)-opplegget «Ut å ro» for elevar på sjetten trinn, vart ein suksess i år òg. Då ser elevane fyrst biletspelet «Då sjøen var vegen» før dei går ned til båtane og ror ut på fjorden med opplæring både i roing og song. Roturen går rundt Sandvenholmen og gjev ofte gode samtalar mellom formidlar og elev.

Åttande trinn har opplegget «Tau i bruk». Då tek dei til på reiparbana, der dei får læra om korleis tau vert laga og set utviklinga av tauet inn i ein historisk samanheng. Dei lagar seg eitt til to tau i fellesskap. Dei lærer seg å laga knuten «apeneve», og dei har ein del andre aktivitetar med tau. Etter nokre justeringar i tidsplanen fungerte det betre enn i fjor.

Det nye DKS-opplegget for fjerde trinn, «Planktonsafari» vart ein stor suksess. Der får elevane fyrst vera med ut i robåtane og ta vassprøvar før dei får sjå det yrande planktonlivet i fjorden gjennom mikroskop, blåst opp på storskjerm.

Me har halde fram det gode samarbeidet med Kvam kulturskule som brukar fartøyvernssenteret som arena for deler av sine aktivitetar. Mellom anna er «Nøringen», kulturskulesatsinga for dei aller minste, hjå oss kvar onsdag.

2024 har vore eit hendingsrikt år, med mykje å formidla ut til dei som føl oss i sosiale medium. Den hyppigaste oppdateringa skjer på Instagram, der me har hatt ei stor auke av fylgjarar dei siste åra. Innlegga der har hatt heile 10 millionar visningar. I år har me òg fått eit større fotfeste på YouTube, med 6 millionar videovisingar og totalt 30 000 fylgjarar.

I 2024 freista me å aktivisera fylgjarane gjennom ein folkefinansieringskampanje (ny åttæring), med blanda hell. Kampanjen gjekk godt, men det var pga. lokale støttespelarar, ikkje dei mange sjåarane og fylgjarane der ute i verda.

**Tal per plattform:**

#### **YouTube:**

Innhald: 6 031 140 videovisingar. 18 publiserte videoar; 5 langvideoar, 13 korte. Handverksprosessar frå bygginga av en åttæring stod for den største delen av visingane. Nye fylgjarar: 11 816 (totalt: 31 068). Inntening på visingar: 21 235 kroner.

#### **Instagram:**

Innhald: 10 028 028 visingar. 68 innlegg, der 23 var videoinnlegg. I tillegg har me publisert 359 historier. Nye fylgjarar: 22 761 (totalt: 78 100)

#### **Facebook:**

Innhald: 1 989 578 visingar. 103 innlegg der 12 var videoinnlegg. Nye fylgjarar: 19 253 (totalt: 481 100)

## Hardangerjakta Mathilde

Då det vart pålegg om utbetring av skroget i vår, måtte me snu oss raskt for å finne løysingar. Eigne båtbyggjarar vart «omdisponerte» til Mathilde. Me fekk fartøyet på land på Bømlø, og heldigvis slapp me unna med å avlysa éi leirskuleveke. Dei var det elles sju av denne sesongen; tre om våren og fire om hausten. Elles hadde me fire bestilte dagsturar og eitt vekestokt i regi av Kysten Ung. I samband med Kvam herad si satsing «Ung fritid» som er eit tilbod til alle, men særleg dei som ikkje har høve til å reisa vekk på ferie, hadde me to dagsturar. I tillegg deltok me med tilbod om småturar på fjorden, i samband med «Bygdaskoi» i Øystese. Det siste me hadde for oss før båten vart rigga ned for vinteren, var to veker med museumstokt i ytre deler av Hardangerfjorden, der elevar frå ulike skular var om bord for å læra om kulturhistorie, sjømannskap og segling. Me har hatt tilgang på skipper heile sesongen, noko som har letta planleggingsarbeidet monaleg.

## Marknadsføring og reiselivsutvikling

I 2024 har me halde fram det strategiske arbeidet med å styrkja merkevara og gjera musea meir synlege. I samarbeid med Visit Voss har Voss folkemuseum blitt ein del av ei større satsing retta mot bedrift- og MICE-marknaden (møter,



Open dag på Nesheimstunet i september. Astri Sudmann og Kari Sognnæs Finne framførte «Storebrum og Olle Bolle». Foto: Kjell Herheim, VFM.

insentivreiser, konferansar og utstillingar). Dette opnar for at museet kan vera arena for slike arrangement i framtida. Moglegheitene er mange, og til dømes kan årestova på Mølstertunet nyttast som lokale for idémyldringar og kreative prosessar for bedrifter.

Det er stor interesse for Vestlandet hjå utanlandske turistar. I Hardanger-regionen har 2024 vore eit rekordår for kommersiell overnatting, med ei auke på over 8 % frå januar til oktober (kjelde: Visit Hardangerfjord). Etter koronapandemien har turistar frå Kina igjen byrja å kome tilbake, og etterspurnaden frå den kinesiske marknaden har auka. Visit Hardangerfjord har prioritert denne marknaden i år. Dette har mellom anna resultert i visningsturar for kinesiske turoperatørar ved fleira av musea våre.

Hardanger og Voss museum var igjen representert på NTW (Norwegian Travel Workshop), som vart arrangert i Trondheim. Denne viktige marknadsføringsarenaen mot internasjonale turoperatørar har gitt oss nye kontaktar og potensielle samarbeid. I år var det spesielt mange aktørarar frå Hardanger- og Voss-regionen til stades.

Cruiseturistar har også vore ein stor del av dei besøkande i år. Norheimsund har teke imot eit aukande tal tyske cruiseturistar frå Bergen. Voss folkemuseum hadde òg eit år med mange

cruisebesøk. Turistinformasjonen i Norheimsund opplevde ein stor auke i utanlandske besøkande. For å gje gjestane ei betre oppleving har dei laga skreddarsydd turruter og gitt praktisk informasjon om attraksjonane i området. Ein velfungerande turistinformasjon har hatt positiv effekt på besøkstala ved dei kringliggjande musea.

På turistinformasjonen på Voss har me sett opp ein miniatstilling med gjenstandar frå magasinet. Denne miniatstillinga viser ølkjenge og kveikstav og har vore eit verdfullt tilskot for å synleggjere museet i sentrum. Etter ynskje frå turistinformasjonen har me òg produsert eit kart som viser den beste gangvegen opp til museet frå sentrum.

I år har me utvikla nye, komprimerte brosjyrar i ny design-profil for Agatunet, Hardanger folkemuseum og Voss folkemuseum. Desse brosjyrane er distribuerte til dei ulike turistkontora i regionen.

Museumssamarbeidet om «Sommarpasset» (HVM, Kraftmuseet, Haugesenteret og Følgefonsenteret) har halde fram, no i eit nytt og meir praktisk visittkort-format. Nytt av året var at kortet vart distribuert til utvalde samarbeidspartnarar.

I september lanserte me eit eksternt nyhende-brev som informerer samarbeidspartnarar og publikum om aktuelle nyhende, arrangement





Opning av utstillinga til Brynhild Grødeland Winther med den 35 meter lange og 3 meter høge teikna frisa på papir, laga for utstillingsrommet i Kabuso. Foto: Thor Brødreskift Foto: Thor Brødreskift.

og tilbud ved musea. Målet er å auka interessa for aktivitetane våre og motivera fleire til å melda seg på nyhendebrevet.

Tre avdelingar i HVM har vore så heldige å få vera med på prosjektet «Fram-Hardanger» ei reiselivssatsing i regi av Innovasjon Norge. Målet er å koma fram til nye reiselivsprodukt, nå nye marknadssegment og knyta relasjonar til samarbeidsaktørar i reiselivet i Hardanger. Prosjektet kasta av seg i form av fleire satsingar for kommande år, og ein søknad til Innovasjon Norge (som fekk tilslag).

## Besøkstal og publikumsutvikling

Besøkstalet har gått ned både i Agatunet og på Hardanger folkemuseum. Ein av hovudårsakene til dette er at turistinformasjonen i Odda flytta denne sesongen. Besøkstalet til turistinformasjonen gjekk ned heile 70% i dei fire travlaste månadane i 2024 samanlikna med 2023. Plassering vert endra for komande sesong.

Det har òg vore noko kronglete å koma seg til Hardanger folkemuseum og Agatunet grunna innstilte ferjer, reduserte rutetider og mykje vegarbeid i området.

Årsbesøket på Voss folkemuseum var 12 351.

Det var ein auke på 11,5 prosent jamført med fjoråret, og besøket var det beste på tju år. Me hadde ein fin auke i dei fleste besøkskategoriane, men auken var klart størst for gruppebesøk. Me hadde bra med cruisebesøk, og turoperatøren Backroads var innom med rundt 35 grupper. Dei var godt nøgde og kjem tilbake med over 40 grupper i 2025. Me har altså ein vekst i besøket, men me trur ikkje at toppen er nådd. Me har framleis stort potensiale for å auka besøket, både frå skular og andre grupper.

Skulebesøket har som vanleg vore godt og litt over 2100 skuleelevar var innom. Alle sjetteklassingane i Voss herad var med på undervisningsopplegget «Dekor på tre», finansiert av Den kulturelle skulesekken. Andre tema under skulebesøk har mellom anna vore folkedikting, kunstnarane Knud og Brynjulf Bergslien, og mellomalder. Også i år fekk me spørsmål om å vera eit alternativ til skulegudstenester før jol, og to grupper frå Voss ungdomsskule fekk omvising med hovudvekt på gamle joletradisjonar.

Det er kjekt med godt besøk, men det er òg viktig at dei som vitjar oss har ei god oppleving her. Me har fått mange positive tilbakemeldingar, både munnlege og skriftlege. Mange gjev ros til omvisarane våre, som var svært dyktige og ivrige dette året.



Frå venstre: Harding Puls si jubileumsutstilling. Nattankar, ei dialogutstilling av Gunvor N. Antonsen og Marthe Karen Kampen. Shwan Dier Qaradaki – The Colour of Betrayal. Alle foto: Thor Brødreskift

## Kunsthuss

HVM er del av ein eksisterande infrastruktur og eit aktivt kunstfelt i Vestland, og særleg då Kunsthuset Kabuso, Hardanger folkemuseum og Agatunet. Kunsthuset Kabuso engasjerer kunstnarar til å utvikla stadspesifikke utstillingar og me inviterer musistarar til å framføra egne verk. Me tilbyr profesjonelle visningsvilkår for kunstnarane og publikum. Ungdomane og borna i regionen får både møta samtidskunst og visa og framføra sjølve, på våre scener.

For at me skal nå ambisjonen om at Vestland skal vera eit leiande kulturfylke må me m.a. jobba for strategien om at Vestland skal ha eit profesjonelt kulturliv på høgt nivå. HVM bidreg til at profesjonelle kulturarbeidarar og aktørar kan leva av yrket sitt, både i sentrale strøk og i mindre lokalsamfunn.

HVM legg vekt på høg kvalitet og aktualitet i kunstformidlinga. Me skal vera ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet. Me skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur. Vilkåra for kunstproduksjon, vising/framføring og formidling av kunst i heile fylket må styrkast for at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder. Me meiner at HVM sitt arbeid med kunstfeltet har hatt ei god retning i 2024, og bidreg til overordna målsetjingar og strategiar.

Me har eit mål om at Kunsthuset Kabuso skal vera ein engasjert og tydeleg aktør som er godt forankra i regionen. Kabuso er på jamleg basis vertskap for kulturskulen i Kvam, med både konsertar og utstillingar. Senioruniversitetet tiltrur no Kabuso å husa arrangementa deira, og både Human-etisk forbund og lokal presse nyttar konsertsalen til sine arrangement. I programmeringa legg me stor vekt på å invitera kunstnarar til å utvikla utstillingar for staden, og i 2024 hadde seks kunstnarar laga fem utstillingar særskilt for Kabuso. I tillegg hadde me ei stor jubileumsmarkering med i alt 28 kunstnarar frå Hardanger. Utanom desse har Kabuso i 2024 organisert 19 konsertar med profesjonelle musistarar, fire med Kulturskulen samt tre litterære og fem faglege publikumsarrangement. Bornas Kabuso har gjennomført tolv sundagar med filmvisning og verkstad. Det er også jamleg tilbud om yoga i utstillingssalen.

Kunsthuset Kabuso er tilgjengeleg for alle, uavhengig av bakgrunn og økonomi. Eit døme på dette er årskortet Kabusoven, som gjev gratis inngang i utstillingane og rabatt på konsertbillettar. Born og fagfolk slepp alltid inn gratis. I tillegg er kvar første torsdag i månaden gratis for alle i utstillingane.

Me har eit mål om å utvikla og spissa fagkompetanse. Fagkompetansen vår strekkjer





Passasjerbåten MB Tafjord (1927) fekk koma ut etter sju år i verkstadhallen ved Hardanger fartøyvernssenter, totalt fjorten år på land. Totalrestaurering er utført på oppdrag frå eigarane på Sunnmøre, mellom anna finansiert av Riksantikvaren og Møre og Romsdal fylkeskommune. Foto: Silje Ensby, HFS.



seg frå formidling, marknadsføring og digital kommunikasjon, teknikk innan lys og lyd til kuratering og kunsthistorie. Dei fast tilsette har delteke på fleire ulike fagrelaterte kurs innan desse feltene i 2024, deriblant skriveseminar og fagtekniske kurs.

Ein tilsett har motteke forskingsstipend og nytta det til å skriva ein formidlingstekst om Ingebrigt Vik. Teksten skal omsetjast og publiserast i 2025.

Kabuso har i 2024 samarbeida med Hardingpuls, Vestnorsk Jazzsenter, Messen i Ålvik, Bergen dansesenter og Teater Vestland, samt Kiosken Studio, Bergen.

Fleire av dei tilsette har delteke på forskingsdagane i HVM og samlingane til forskingsnettverket med innlegg og presentasjonar.

Me har eit mål om å aktualisera Ingebrigt Vik sin kunstnarsskap og tek sikte på å få laga ein visuell presentasjon av teikningane til Vik, samt å supplera utstillinga med enkelte nye verk i 2025.

*Bornas Kabuso kunst- og filmklubb gjennomførte*

12 arrangement i 2024, familieverkstader og animasjonsfilm. Kunstnarar som bidrog med verkstadaktivitet i samarbeid med KH Messen var Mariana Bruno (IT), Iris Lam (NL), Jamie Ashforth (CA) og PJ Bruyniks (NL). Seks animasjonsfilmar var viste: Skjønnheten og udyret, Milo – månens vokter, Marnie – min hemmelige venninne, Flukten fra hønsegården, Lise og snøpels – venner for alltid og Jul i mummidalen. Klubben hadde i løpet av året 66 unike medlemmar.

Det blei i 2024 utarbeidd undervisningsopplegg for skule og barnehage til utstillingane *Nattankar*, *HardingPuls*, *Shwan Dler Qaradaki* og *Brynhild Winther*. Kwastan Jamal Bawan leia sommarfuglverkstad for elevane under HardingPuls si utstilling. I tillegg til desse gjennomførte Kabuso faste opplegg knytt til Ingebrigt Vik museum. Til saman deltok 1103 barn og unge på desse i 2024. Me deltok òg i utviklinga og gjennomføringa av opplegget Planktonsafari på HFS.

## Oppdrag: Fartøyvern, bygningsvern, smiing, reipslagning, småbåt

HVM skal i fylgje eigen strategi gje fartøyverninteresserte tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom oppdragsprosjekt, dokumentasjon, forskning, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvaltning, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

Hardanger fartøyvernssenter (HFS) skal vera ein nasjonalt leiande institusjon og premissleverandør på fartøyvernfeltet, utvikla kunnskap og levera tenester som er etterspurde, relevante og av høg kvalitet. Dette skal me oppnå m.a. gjennom gode prosjekt og høg aktivitet knytt til fagutvikling i fartøyvernet, som ein ettertrakta samarbeidspartner og tilbydar av handverkstenester.

2024 har vore eit travelt og spennande år på fartøyverneininga med små og store oppdrag. Totalt har vi arbeidd på 18 ulike prosjekt gjennom året, både her heime og rundt omkring i landet.

Ein stort augneblink var det å sjøsette MB Tafjord i juni, 90 år etter at han vart totalskadd i den store naturkatastrofen i Loen der båten vart slengt 60 meter opp på land. Etter sju år i verkstadhallen med total restaurering, var det en milepåle å få vatn under kjølen igjen. Enno står det att noko før han kan sendast heim til Sunnmøre, men vi ser at det nærmar seg.

Oppdraget med dekkleggning på fullriggaren «Sørlandet» vart gjennomført i sommarmånadene på Bredalsholmen dokk og fartøyvernssenter i Kristiansand. Arbeidet krov mykje både av prosjektleiarar og handverkarar, men vi kom i mål til avtalt tid.

Også istandsetjinga av Sam Eyde sin over 100 år gamle lystbåt – «Eydebåten» – vart ferdig til

sommarferien. Han står framleis på HFS for å få installert motor, før han returnerer til Møsvatn i Telemark forsommaren 2025.

Arbeidet med dekkleggning og innreiing på rutebåten MS Jøsenfjord har gått jamt og trutt, med eit avbrekk i sommar då mannskapet vårt la dekk på «Sørlandet». Føringsbåten «Markol V» erstatta MB Tafjord i verkstadhallen, der han etter kvart fekk selskap av MY Toni som skal setjast i stand neste år. Losskøyta LS 21 Skudenes står på slippet, og arbeidet med gjenoppbygging av skøyta er godt i gang.

### Smiing

Smedane våre har dette året laga gjerder både til ein privatperson i Kvam og til vårt eige utviklingsprosjekt «Tett På», som skal opne i 2025. Arbeidet har vore omfattande, og det er ikkje få meter med stål som er gått med. I smia er det også produsert rorbeslag, stambeslag og andre deler til både galeasen «Søblomsten» og hvalerskøyta «Arnt Otto». Til eksterne kundar er det levert mothakespiker, orgelstong, vêrhane, roer, boltar og murarskeiar m.m. Vår eigen museumsbutikk har òg fått nye suvenirar. Smedane og reipslagarane er viktige leverandørar til fleire av istandsetjingsprosjekta og server disse etter behov. Det same gjer både mekanikar og vaktmeister.

### Reipslagning

Reipslagarane har arbeidd med wire til ståande rigg til galeasen «Søblomsten». Ståande rigg har dei òg levert til to seglskøyter på Austlandet, m.a. losskøyta «Færder». Reiparbanen leverer elles jamt ein del tau til mindre båtar. Samarbeidet med Brunsviken reipbane i Kristiansund held fram, og reipslagarane har i år produsert tau der. Ein stor leveranse var til vikingskipet «Harald Hardraade» som er under bygging.



## Småbåtverkstaden

I småbåtverkstaden har det vore bygd tre nye båtar i året som gjekk. Ein strandebarmar til ein privat kunde, ein åttæring til oss sjølve og ein seksæring til Herdla og Askøy kystlag. Elles har dei restaurert ei sandefjordsnekke, ein færing med akterspegel og to strandebarmarar, i tillegg til Gavlabåten, der deler av arbeidet vart gjort i lag med ungdomane frå Båtbasen. Elles har dei rigga ein av våre eigne færingar og produsert diverse årar og keipar.

Det har vore skipa til to kurs. Eit i å lage soppkorger, kombinert med sopptur og soppkontroll, og eit maritimt verktøyseminar der temaet var rotasjonskløyving av emne i skogen. «Forma i tre», som er eitt av dei tre opplegga i den kulturelle skulesekken, har vore skipa til på tradisjonelt vis.

I samband med prosjektet «Dokumentasjon av Hardangerbåtar» har det vore gjort eit stykke feltarbeid i ulike naust langs fjorden. I samband med dette prosjektet har båtbyggjaren vår òg vore i Harstad og halde eit føredrag om temaet ved ein konferanse om samisk fartøyvern.

## Samhandling

Samhandling er eit stort og viktig tema i kulturpolitikken. HVM har omfattande samhandling med mange aktørar. Dei seinare åra har vidareutdanning i bygningsvern blitt eit viktig felt, der undervisning skjer på våre arenaer, i regi av Fagskulen i Vestland og NTNU. Sterk lokal tilknytning og forankring på dei stadene HVM har sine formidlingsarenaer fordrar god samhandling med lokale aktørar som t.d. skular. Her har me gode opplegg som vert mykje nytta av skulane. Samarbeid med frivillig sektor skjer på mange område, noko som ikkje blir mindre aktuelt i åra som kjem. Ulike område for samhandling er omtala fleire stader i årsmeldinga, i dette avsnittet vil me utdjupe eitt.

HVM har eit mål om å vera ein god og relevant ressurs på feltet fruktdyrkingshistorie og moderne

## Bygningsvernoppdrag

HFS har stor aktivitet på bygningsvern, både gjennom restaureringsarbeid i museumstuna og som læringsarena for Fagskulen i Vestland og NTNU si bygningsvernutdanning.

I starten av året har bygningsvernhandverkarane restaurert demningen på oppgangssaga i Herand. Eit arbeid som var naudsynt etter storflaumen i 2023 og som fekk støtte av Vestland fylkeskommune.

Om våren vart om lag 40 m<sup>3</sup> tømmer skore opp til plank. Ferdig material vart levert til Stiftelsen Bryggen i Bergen, til restaurering av Damsgård hovedgård, til Nordfjord folkemuseum og til eigne restaureringsprosjekt.

Gjennom ei større prosjektoppgåve har studentane i klassisk bygghandverk ved fagskulen i Vestland dokumentert fleire av dei historiske bygningane ved Kvam bygdemuseum Storeteigen. Det vart laga detaljerte teikningar, fotodokumentasjon, tilstandsanalyse etter NS 16096 og ei kulturhistorisk verdivurdering. Dokumentasjonen legg eit godt grunnlag for vidare arbeid både med tanke på restaurering og på prioriteringar i bygningsssamlinga.

landbruk. På frukt-feltet er det gjort ei rekke tiltak, men me føler at me burde hatt meir ressursar til dette. Dei siste åra har HVM lagt ned ein del ressursar i eit forprosjektet kalla «Nasjonalt frukt- og sidersenter» (NFS). Det vart etablert våren 2021 av forsøksstasjonen NIBIO Ullensvang etter oppmoding frå sentralleinga i NIBIO. Prosjektet er forankra i *Temaplan Landbruk (2021–2024)* i Vestland fylkeskommune. NIBIO, Siderklynga Hardanger, Hardangerrådet, Sparebankstiftinga Hardanger, Ullensvang kommune og andre har finansiert prosjektet.

Rådgjevaren vår har deltatt i arbeidsgruppa frå starten av og har hatt deloppdrag for prosjektet som særleg gjeld formidling, historieforteljing og ivaretaking av kulturarven knytt til frukt, sider og most. Arbeidet inneber å synleggjera behovet

for formidling, samarbeid og vidare arbeid med fruktdyrkingshistorie i Noreg. Det er òg ei kartlegging av institusjonar som kan ha nytte av å samarbeida meir innan bransjen, kultur- og forskingsinstitusjonar med frukt som tema.

Grunnlaget for å etablere eit fysisk informasjons- og formidlingssenter på Lofthus i tilknytning til det unike fagmiljøet og tradisjonane med fruktdyrking i Ullensvang og Hardanger frå 1200-talet blir i forprosjektet vurderte til å vera gode. I 2024 var Hardanger Siderprodusentlag prosjekteigar og forlenga intensjonsavtale med Allstad AS om forslag til bruk av tre av bygga deira på Ullensvang prestegard. Me gjennomførte eit mogelegheitsstudie med Arkipartner AS som utførande arkitektar. Mogelegheitsstudiet viser teikningar, kostnadsoverslag og forslag til korleis den gamle prestegardsløa, telthuset og paktarbustaden ved Ullensvang prestegard kan brukast som eit formidlingssenter og møtestad om historie, notid og framtid knytt til fruktdyrking, siderproduksjon og kyrkjehistorie. Dette er ei interessant historie som går tilbake til vikingtid og cisterciensarmunkane på klostergården i Opedal i mellomalderen. Denne historia er ikkje fortalt og legg grunnlaget for vern gjennom bruk, attraksjonsbygging og aktivitetar for alle om frukt, sider- og mostproduksjon i eit nasjonalt utvald kulturlandskap i Hardanger. Eit nasjonalt frukt- og sidersenter er samstundes meir enn eit fysisk senter og det ligg føre forslag til eit samarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt mellom forskning og utvikling, næring og offentlege aktørar.

Hardanger og Voss museum har styrka sitt arbeid med landbrukshistorie gjennom deltaking i prosjektet og deltaking i ei tverrfagleg arbeidsgruppe med fleire institusjonar og organisasjonar involvert. Prosjektet har bygd opp eit nettverk. Det er òg avdekt eit grunnlag for å styrka samarbeidet med andre museum og formidlingsinstitusjonar i Noreg og internasjonalt om frukthistorie og kulturlandskap.

## Fornyng og organisasjon

I fylgje eigen strategi skal HVM vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, rausheit og vilje til fornyng. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats. I 2024 har det vore godt arbeid i fleire av ressursgruppene, som arbeider på tvers av linjeorganisasjonen. Dette har vore svært bra



Kranselag på Kulturnaustet og Handverkartunet. Alle foto: Silje Ensby, HFS.



Leiar av bygningsverneininga på HFS Alexander Günther og direktør Åsmund Kristiansen.



Reisverket til Handverkartunet er ein del av eit opplæringsprosjekt der studentar frå NTNU og Fagskulen i Vestland har stått for bygginga.





Kunsthuset Kabuso har hengt opp flagg til Bygdapride. Foto: Karen Korssjøen, Kabuso.

og gir gode resultat.

Samarbeidet med Ole Bull Akademiet om Hardingfela.no har vore bra i 2024. Det har vore regelmessige møte og framgang i sakene som har vore handsama. Dette er eit felt der HVM absolutt bidreg til fornying og er i tett samhandling med lokalsamfunn.

Forvaltning av immateriell kulturarv er stadig i

## Samfunnsrolle

HVM skal vera synlege, profesjonelle og delta aktivt i samfunnsliv både som lagspelar og som samfunnskommentator. Me skal gje innsikt og forståing av samtida ved å visa dei lange historiske linene. Me skal styrkja samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

HVM skriv kvart år fleire høyringsvar. Dette ser me på som viktig for å bidra til å utvikla rolla som

utvikling i HVM. Her må me heile tida leggja nye steinar i byggverket, noko som òg krev fornying og tilpassing av organisasjon.

HVM er opne for at eit mangfald av menneske skal ha ein plass i arbeidslivet, og har til ein kvar tid nokon på praksisplass, arbeidstrening, avklaring e.l. Me har tilsette frå mange nasjonar.

samfunnsaktør, og bidra til å påverka samfunn og politikk i god retning.

Me er medvitne om rolla musea har som opne og inkluderande møteplassar. På visse arrangement har me gratis inngang for å senka terskelen for å bruka oss. Me strekker oss langt for å ha opne møteplassar gjennom heile året.

## Lister

### HVM deltar i fylgjande nasjonale fagnettverk

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur
- Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
